



KOMMUNALE VEDTEKTER FOR
SKULEFRITIDSORDNINGAR (SFO) I RAUMA
KOMMUNE
2021

**VEDTEKTER FOR SKULEFRITIDSORDNINGAR (SFO) I RAUMA KOMMUNE,
jf. § 13-7 i opplæringslova.**

Regelverk for SFO

Opplæringsloven § 13-7 pålegger alle kommuner å ha et tilbud om skolefritidsordning (SFO) før og etter skoletid for 1.-4. trinn, og for barn med særskilte behov for 1.-7. trinn. Det er fastsatt få føringer for innholdet i SFO utover at det skal gi barna omsorg og tilsyn og legges til rette for lek, kultur- og fritidsaktiviteter og være tilpasset barnas og foreldrenes behov. Videre må arealene inne og ute være tilpasset den aktiviteten som drives. Det er også stilt krav om at skolefritidsordningen skal ha vedtekter som fastsettes lokalt av kommunen.

Vedtektene skal som et minimum inneholde bestemmelser om eierforhold, opptaksmyndighet, opptakskriterier, opptaksperiode, oppsigelse av plassen, foreldrebetaling, leke- og oppholdsareal, daglig oppholdstid, åpningstider samt bemanning og ledelse.

Opplæringsloven kapittel 9 A, «Elevane sitt skolemiljø», omhandler både det fysiske og det psykososiale skolemiljøet til elevene. Kravene til skolemiljøet gjelder også for skolefritidsordningen. I § 9 A-2 heter det: «Alle elevar har rett til eit trygt og godt skolemiljø som fremjar helse, trivsel og læring.» Videre spesifiserer opplæringsloven krav til det psykososiale skolemiljøet, systematisk arbeid for å fremme helsen, miljøet og sikkerheten til elevene (internkontroll), elevdeltakelse i skolemiljøarbeidet samt informasjonsplikt og uttalerett i saker som har vesentlig betydning for skolemiljøet.

I tillegg til opplæringsloven, gjelder også forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler for skolefritidsordningen.

Kommunen skal ha eit tilbod om skolefritidsordning før og etter skoletid for 1.-4. årstrinn, og for barn med særskilte behov på 1.-7. årstrinn. Skolefritidsordninga skal leggje til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hos barna. Skolefritidsordninga skal gi barna omsorg og tilsyn. Funksjonshemma barn skal givast gode utviklingsvilkår. Areal, både ute og inne, skal vere eigna for formålet.

Skolefritidsordninga skal ha vedtekter om

- a. eigarforhold
- b. kven som er opptaksmyndigheit
- c. opptakskriterium
- d. opptaksperiode og oppseiing av skolefritidslassen
- e. foreldrebetaling
- f. leike- og opphaldsareal
- g. dagleg opphaldstid og årleg opningstid
- h. bemanning og leiing

Når skolefritidsordninga er knytt til skolar, skal rektor til vanleg vere leiar. Departementet kan gjere unntak frå kravet. Kommunen kan krevje utgiftene til skolefritidsordninga dekte gjennom eigenbetaling frå foreldra.

For krav om politiattest gjeld reglane i § 10-9.

Kommunen kan nytte andre til å oppfylle plikta til å ha eit tilbod om skolefritidsordning, dersom dei elles oppfyller vilkåra i denne paragrafen. Kommunen fører tilsyn med private skolefritidsordningar.

Departementet kan gi nærmare forskrifter om skolefritidsordninga.

[Opplæringslova 13-7](#)

Vedtekter for SFO i Rauma kommune

1. Mål og verdigrunnlag

Skulefritidsordninga er eit omsorgs- og aktivitetstilbud utanom den obligatoriske skuledagen for alle elevar i 1.-4. klasse. Barn med særskilte behov kan få eit tilbud om skulefritidsordning t.o.m. 7. klassetrinn.

Tilbudet skal dekkje barna sine behov for leik, kulturaktivitetar og sosial læring. Det skal difor leggjast til rette for variert leik, kultur- og fritidsaktivitetar som skal bidra til ei utvikling av erfaringsgrunnlag, ferdigheiter og kunnskapar på ulike område.

Kvar skule/ SFO utarbeider ein årsplan som konkretiserer innhaldet i tilbudet. Aktivitetane skal foregå innanfor ei trygg sosial og pedagogisk ramme, og være ein del av skulen si totale verksamhet.

2. Ansvar og myndigheit

Rauma kommune eig og driv skulefritidsordningane i dei kommunale skulane. Rektor har det administrative og pedagogiske ansvaret for ordninga. SFO-leiar på kvar skule/SFO har det daglege ansvaret for drifta av skulefritidsordninga.

Samarbeidsutvalet er styringsorgan for skulefritidsordninga. Samarbeidsutvalet skal ta stilling til m.a. årsplan, budsjett, rekneskap og lokale vedtekter innanfor rammene som er fastsett i dei kommunale vedtektene.

Skulefritidsordninga skal ha dagleg leiing, og den totale leiingsressursen må vere i samsvar med gjeldande sentral særavtale, jf. SFS 2201.

3. Opningstid

Opningstida er innafor tidsramma 07:00 – 17:00, med lokale variasjonar innanfor tidsramma. Samarbeidsutvalet i oppvekstsenteret fastset opningstida innanfor gjeldande tidsramme. SFO er stengt jul- og nyårsaftan, i romjula, påskeuka og juli. I tillegg er SFO stengt på planleggingsdagar til personalet.

Etter skuleslutt i juni, før skulestart i august og i andre skuleferiar kan SFO-tilbudet samordnast, anten internt med andre skular eller ein barnehage i nærleiken.

4. Opptak

Rektor/einingsleiar har mynde til å gjere opptak til skulefritidsordninga.

Søknad om opptak til plass i ordninga skal sendast til det enkelte oppvekstsenteret på fastsett søknadsskjema.

Hovudopptak i vårsemesteret har søknadsfrist 1. mai.

Opptaket gjeld for eitt år.

5. Oppseiing

Oppseiing av plass må gjerast skriftleg til skulen med 1 månads varsel, rekna frå den 1. i månaden.

Oppseiing etter 1. mai medfører betalingsansvar ut skuleåret.

6. Redusert foreldrebetaling

Det er fra skoleåret 2020 innført en inntektsavhengig ordning med redusert foreldrebetaling i SFO for husholdninger med elever på 1. og 2. trinn. Ordningen sikrer at ingen familier skal bruke mer enn maksimalt seks prosent av inntekten sin til å betale for en SFO-plass.

Det er gratis SFO for elever med særskilte behov på 5. og 7. trinn.

Søknadsfristen for moderasjonsordninger er 1. oktober. Alle søknader som er mottatt før denne fristen vil gjelde hele SFO-året, altså fra 1. august.

Søknader som kommer inn etter fristen blir behandlet fortløpende, og vedtak om redusert foreldrebetaling er gyldig fra den første hele måneden etter at kommunen mottar søknaden, og gjelder for ett SFO-år.

Ordningene er regulert i forskrift til opplæringsloven kapittel 1B om skulefritidsordninga.

7. Foreldrebetaling generelt

Kommunen fastsett satsar for foreldrebetaling. Søskenmoderasjon på 25 % f.o.m. barn nr. 2.

- Foreldrebetaling i 10 månader for SFO-tilbud som følgjer skuleåret.
- Foreldrebetaling i 11 månader for SFO-tilbud i tida 1.8.-30.06. (skuleår + skuleferiar).

Betaling skjer for inneverande månad med forfall den 15. Kommunen krev inn foreldrebetaling for heile månader i samsvar med oversyn frå skulen. For elevar som blir innmelde etter skulestart, krev ein foreldrebetaling f.o.m. den datoen eleven er innmeld i ordninga.

Foreldre som hentar barn for seint i skulefritidsordninga, vil bli fakturert for tilleggstid. Sats for tilleggstid er sett til kr. 100 for kvart påbegynte kvarter, og faktureringa kjem som tillegg til ordinær foreldrebetaling månaden etter.

Matpengar kjem i tillegg til den faste satsen for foreldrebetaling.

Kommunen kan sei opp SFO – plassen ved manglande betaling utover 2 månader. Kravet vert då sendt vidare til inkasso. Eventuelle restanser i barnehage/SFO skal være gjort opp før ein elev kan starte /blir tildelt plass i skulefritidsordninga. Restansen vil følge familien og ikkje berre det einskilde barn.

Ved endring av betalar av opphald for barnet i løpet av driftsåret skal alle restanser frå den forrige betalaren være oppgjort - ev. må det føreligge erklæring om at restansen vil bli dekket av ny betalar.

8. Leike- og opphaldsareal

Areal ute og inne skal vere tilpassa SFO sine aktivitetar.

Kvar skulefritidsordning skal utarbeide ei oversikt som syner kva for inne- og uteareal som kan nyttast til SFO sine aktivitetar.

9. Forsikring

Barna i skulefritidsordninga er forsikra i høve til dei forsikringane som gjeld for elever i grunnskulen i Rauma.

10. Skyss

Transport til og frå skulefritidsordninga er foreldra sitt ansvar.

11. Teieplikt

Alle medlemmer i styrande organ og dei tilsette i SFO har teieplikt etter det same reglane som gjeld elles i grunnskule, jf. opplæringslova § 15-1.

12. Godkjenning og endring av vedtektene

Vedtektene og seinare endringar skal godkjennast av det organet som til ei kvar tid har det overordna myndet.

13. Internkontroll og beredskap

Dei kommunale skulefritidsordningane følgjer kommunen sine føringar og pålegg om internkontroll og beredskap.

Einingsleiar er ansvarleg for verksemda og plikter i forhold til forskrift om internkontroll å gjennomføre systematisk oppfølging av gjeldande krav med heimel i bl.a. :

- Forskrift om miljøretta helsevern i barnehage og skole
- Forskrift om sikkerheit ved leikeplassutstyr
- Arbeidsmiljølova
- Brann og eksplosjonvernlovgevinga

Det er utarbeidd et system for helse-, miljø og sikkerheit (HMS) for skulefritidsordninga som vert ajourført jamleg i tråd med Rauma kommune sine rutinar for internkontroll.